

Speidar etter myteomspunne luftakrobatar

■ Ut i natta med Bat-detektor ■ Gåtefulle, flygande dyr

SOGDAL: Som mørke silhuetter mot lyset frå gatelyktene flaksar dei i sirklar. Spennande å sjå på, slett ikkje så blodtørstige som på film.

Midt i mest trafikkerte Sogndal sentrum er det fleire enn bilane som trivast.

Speidar mot himmelen

– Sjå Johannes, der er dei!
Sjuåringane Kristin og Ingvil har fått auge på dei myteomspunne insektetarane i lufta ved buss-stasjonen. Dei er på flaggermusvandring og har fått valuta for å halda seg vakne og gå gatelangs for å leita etter dei fascinerande pattedyra.

I kinosalen mullar siste bat-mofilmen, men ute i natta er det ingen batmobil eller Joker, men temmeleg high-tech likesvel. Johannes Anonby har teke på seg rolla som flaggermusguide og har nemleg med seg utstyr som kan ta inn høg-frekvente lydar, slik at flaggermusene lettare kan lokaliseras. Ein bat-detektor.

Flaggermusdetektor

Å sjå mot himmelen på lyse sommarnetter er ein måte å oppleve flaggermus på.

Å bruka Bat-detektor er metoden for entusiastar. Ein slik ultralyddetektor tek opp flaggermuslydar og gjer dei om til lydar menneskeøyret kan oppfatte.

– Mamma, no var dei ganske nær.

Ingvil kikar mot kveldshimmelen og Anonby sin detektor omformar flaggermuslydane til underlege skrapelydar.

Går i dvale

Å arrangera flaggermusvandring, eller batnight, er eit internasjonalt konsept adoptert til Sogndal av naturvernforbundet og Norsk Zoologisk foreining.

I Noreg finst det 11 artar og desse går i dvale om vinteren, sidan det er lite insekt å finna på den årstida.

Men kvar flaggermusene er i då, er ein godt bevart loydom. Kanskje skjuler dei seg i hollrom i hus, i grotter hus og kanskje nokre flyg til varmare strøk, men heilt sikre på kvar alle overvintrar, er ikkje forskarane.

– Det er ei gåte, seier Anonby.

Mystiske kjendisar

Insekt er kostan til dei fleste av dei flygande pattedyra.

– Det er feil å seia at dei ikkje gjer ei fluge fortred, for det er nettopp det dei gjer, humrar Anonby.

Likevel livnerer nokre seg på andre måtar, som å eta fisk eller nektar. Berre eit fåtal artar; yampyrflaggermus, i Sør-Amerika kan rispa opp og suga blod for å få næring.

– Det er desse som er blitt kjendisflaggermusene, seier Anonby.

Renate Sæle
renate@sognavis.no

VANDRINGSKVELD:
For sikkerhelts skuld har guiden teke med seg eit handfast eksemplar dersom flaggermuslukka ikkje skulle slå inn på vandringskveiden.



PA FLAGGERMUSJAKT: Kristin Bergheim Lykkeslett (7) og Ingvil Dybwad Mundhjeld (7)

kikar etter flaggermus.



TEKNOLOGI-HJELP:
Johannes Anonby demonstrerer for Kristin Ingvid, Eli Mundhjeld, Nils Pontoppidan og Jon Farestveit korleis flaggermus kan lokaliseras ved hjelp av Batdetektor.